

REFERAT - STYREMØTE

| | |
|---------------------|---|
| Stad: | Kommunehuset i Sund kommune, Skogsvåg |
| Dato: | 19. januar 2015 |
| Tid: | 11:00 – 12:50 |
| Desse møtte: | Kari Anne Landro (ordfører i Sund), Eli Årdal Berland (ordfører i Fjell), Åse Gunn Husebø (ordfører i Øygarden), Siv Høgtun (ordfører i Askøy) Stig Arne Thune (rådmann i Sund)Steinar Nesse (rådmann i Fjell), Siri Fahlvik Pettersen (rådmann i Øygarden), Odd Magne Utkilen (rådmann i Askøy) Informasjonsrådgjevar Vigleik Brekke og møtesekretær/dagleg leiar Grethe Bergsvik |
| Forfall: | |
| Andre: | |

Møtet starta med at styreleiar ønskja den nye ordføraren i Øygarden, Åse Gunn Husebø velkommen i Regionrådet Vest. Deretter presenterte alle møtedeltakarane seg for henne.

01/15 Referat frå møtet 15.09.14

Referatet vart gjennomgått og godkjent.

02/15 Askøy kommune – utmeldt frå 01.01.16

Ordfører Siv Høgtun i Askøy gjorde greie for kvifor Askøy kommune har valt å trekkje seg ut av Regionrådet Vest frå og med 1. januar 2016.

Når det gjeld kommunestruktur ser Askøy to ulike alternativ, der det eine er å halde fram som ein kommune som i dag og det andre er å bli del av ein større Bergen kommune. Kommunestyret på Askøy opplevde det difor som krevjande at Askøy frå 2016 skulle overta styreleiarrolla i Regionrådet Vest og samstundes vere tydeleg på at samanslåing med dei tre andre i rådet ikkje er eit alternativ.

Regionrådet Vest drøfta også framtida til rådet og det kom synspunkt på at denne regionen har lange tradisjonar for samarbeid og at aktørane vil gjerne halde fram med samarbeid i organisert form. Sekretariatet førebur ei oversikt over alle formar for samarbeid mellom kommunane. Denne vert sendt rådmenna for gjennomgang før den vert lagt fram i neste styremøte i Regionrådet Vest til drøfting.

Ordfører og rådmann i Askøy var opptekne av å signalisere at dei ikkje vil melde seg ut av alle gode samarbeidsprosjekt i regionen, men vil vurdere ulike måtar å ivareta relasjonane på.

Det kom framlegg om at det vert utgreidd ei sak om vidare organisering av regionrådsamarbeid og at denne saka særleg drøftar kva type saker Regionrådet Vest heretter skal ha på sakskartet.

03/15 Søknader til Fylkesmannen sine skjønsmidlar til fornying- og innovasjonsprosjekt i kommunane 2015

Rådmenna drøfta i sitt møte vidare framgangsmåte når det gjeld søknader frå kommunane.

Kvar kommune sender søknadene inn til sekretariatet som systematiserer dei og sender ut eit samledokument til neste styremøte i Regionrådet Vest – som vert **9. mars**.

Styremøtet prioriterer søknadene. Sekretariatet sender alle søknadene samla inn til Fylkesmannen – før fristen **13. mars**.

Kort om områda som Fylkesmannen ønskjer å prioritera:

1. *Barn og unge – kommunane sitt arbeid mot barnefattigdom*
2. *Lokale/interkommunale tiltak for utvikling av framtidsretta og gode omsorgstenester.*
3. *By- og tettstadsutvikling*
4. *Beredskaps og samfunnstryggleik*
5. *Tiltak innan miljø- og landbruksområdet*

Prosess for tildeling:

Kommunane som er organisert i eit regionråd skal, som hovudregel sende søknad til sitt regionråd.

Regionråda skal ha ei koordinerande rolle og prioritere søknadene i tillegg til å initiere og bidra til at kommunane får fram gode prosjekt med sikte på fornying og innovasjon.

Kommunar i eit regionråd kan likevel søkje direkte til Fylkesmannen dersom det ligg føre særskilte årsaker til det.

04/15 Status pågåande prosjekt

Styremøtet gjekk i gjennom lista over pågåande samarbeidsprosjekt som Regionrådet Vest har initiert og koordinert og oppdaterte den med ny informasjon. Kvar rådmann får også ansvar for å sjekke med sine saksbehandlarar

Lista vert ytterlegare oppdatert og lagt fram for Regionrådet Vest til behandling i neste møte.

05/15 Val av representant til styringsgruppe for planprogram for kompetanse og arbeidskraft

Til å representere Regionrådet Vest i Hordaland Fylkeskommune si styringsgruppe for arbeid med Regional plan for kompetanse og arbeidskraft vart ordførar i Sund, Kari Anne Landro samrøystes valt.

I forkant av arbeidet er ho invitert til innspelsmøte 30. januar for drøfting av ulike problemstillingar som er relevante for planarbeidet. Innspel frå møtet vil danne grunnlag for diskusjon i første møtet i styringsgruppa som er sett til 6. februar. Styringsgruppa si rolle vert å peike ut retning og leggje hovudrammene for arbeidet.

Styringsgruppa er:

- Mona Røsvik Strømme (leiar)
- Tom Knudsen, NHO
- Roger Pilskog, LO
- Roald Stenseide, styreleiar Hordaland fagskulestyre
- Oddrun Samdal, UIB
- Høgskolen i Bergen, ennå ikkje utnemnd
- Tale Berntsen, Bergen kommune
- Leif Vambheim, Hardangerrådet
- Kari Anne Landro, Regionrådet Vest.

07/15 Drøfting – Vidare organisering av prosjektet Kompetanseheving for politisk og administrativ leiing – kommunereform

Rådmenna orienterer om framlegg til organisering av prosjektet. Spørsmål om kor i stor grad sitjande politikarar har høve til å gå tungt inn i arbeid med kommunereforma før valet vart avklart. Det er dei ny formannsskapa etter kommunestyrevalet i september 2015 som gjennom kompetansehevande tiltak skal setjast i stand til å gjere best mogelege vedtak i saka.

Alle 4 kommunane vel å gå for ordinært hovudløp II, som inneber å gjera vedtak før juni 2016 og eventuelt endring av kommunestruktur frå 01.01.2020.

Plan for kompetanseheving må vere klar til å starte opp like etter valet for den nye politiske leiinga, medan administrasjonane som skal utgreie spørsmåla vil starte sitt arbeid tidleg i 2015.

08/15 Møteplan for 2015

Framlegget til møteplan for 2015 vart justert med at det foreslåtte tidspunktet for møtet i mars vart flytta til 9. mars.

Styreleiar bad om at møtedeltakarane vurderer kva som kan vere tema på Tinget i Vest som er sett opp til 27. april. Aktuell framgangsmåte kan vere å lufte spørsmålet i formannskapsmøta.